



HJELMELAND
KOMMUNE

PLANSTRATEGI FOR HJELMELAND 2020-2023



Endeleg vedtak

Hjelmeland kommunestyre sak 51/20 24.09.20

Innhald:

1 Innleiing

2 Utfordringsbilete

3 Gjeldande kommuneplan

4 Prioritering



1 INNLEIING

1.1 Gjeldande planstrategi

Gjeldande planstrategi vart vedteken i 2016, og gjeld for perioden 2020-2023. Den kan lesast her: <https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/planar-og-kunngjeringar/kommunal-planstrategi/>

Det viktigaste strategiske valet då var at kommunestyret vedtok at både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen skulle reviderast. Dette arbeidet starta opp hausten 2016, og endeleg plan vart vedteken i april og oktober 2019 etter tre års intenst arbeid. Ein del anna planarbeid vart også prioritert, men ikkje alt er utført. Det skuldast delvis at nye oppgåver kom på, at kommuneplanarbeidet vart veldig omfattande, at andre viktige planoppgåver kom til (særleg reguleringsarbeid knytt til doble ferjekaiar med hydrogenløysing), men også at planstrategien ikkje alltid vert tillagt like stor vekt både politisk og ute i organisasjonen.

1.2 Lovgrunnlaget: plan og bygningsloven kap 10

Lovteksten lyder:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

1.3 Koronautbrotet våren 2020

Den verdsospennande virusepedemien som starta i Wuhanprovinsen i Kina i desember 2019, nådde Nord-Italia i slutten på februar. Mange norske skituristar vart uforvarande medverkande til å ta smitta heim til Noreg, og frå 13.mars vart samfunnet «stengt ned». Dette kom utruleg brått på, og i løpet av få dagar var verda sett heilt «på hovudet» både lokalt og globalt. Skulane vart stengde, og alle arrangement avlyst. Det vart innført sterke restriksjonar på reiseverksemd, og smittevernlova vart nytta aktivt. Korleis denne krisa utviklar seg vidare vil ha stor innverknad på samfunnet dei næraste åra, og gjer planlegging basert på det me såg for oss i fjor, nesten umogleg. Ikkje berre på grunn av sjølve sjukdomen, men særleg på grunn av ringverknadane som me ikkje veit nok om pr i dag. Når samfunnet stoppar opp, stopper også mykje av næringslivet, noko som får store økonomiske konsekvenser.

Koronasituasjonen dukka opp i slutfasen av klargjering av dette dokumentet, og ein har difor i veldig begrensa grad teke inn dei nye momenta som denne medfører.

Ved drøftinga av høyringsutkastet i kommunestyret i mai, var det høgt fokus på behovet for digital infrastruktur/fiberutbygging. Koronakrisa har understreka verdien av digital kommunikasjon, både i arbeid, skule og fritid.

1.4 Prosess ved ny planstrategi

Politisk: Ny planstrategi har vore tema ved politikaropplæringa i kommunestyret i haust. På kommunestyremøte 13.2 vart det gjennomført eit gruppearbeid (kafedialog) der ein særleg dukka ned i gjeldande kommuneplan. Planstrategien vart behandla i kommunestyre 13.5.20 for så å liggja ute til høyring. Endeleg vedtak i kommunestyret fyrste møte etter sommarferien.

Koronasituasjonen forsinka prosessen noko, samstundes som det var eit verdifullt bakteppe å ta med seg inn i arbeidet med utfordringsbiletet.

Administrativt: Planstrategien er tema i rådmannen si leiargruppe. Det er gjennomført intervjurunde med medlemmene i gruppa for å kartleggja status for planarbeid og sjå på utfordringar framover.

Plan og forvaltningssjef har delteke på Fylkesmannen sitt seminar om planstrategiarbeid vinter 2020.



Lite folk å sjå under koronavåren 2020, men butikkane har utført ein flott jobb.

2 UTFORDRINGSBILETET

2.1 Samfunnsutvikling og statlege krav/forventingar



Over: FN sine bærekraftsmål

FN sine bærekraftsmål har kome tydelegare fram, og all offentleg planlegging skal no byggja på desse. Det er tale om økonomisk, miljømessig og sosial bærekraft. Kutt i utslepp og arbeid med klimatilpassing står høgt på lista, og Parisavtalen forpliktar både stat og kommune til tiltak. Økonomisk og sosial bærekraft er også viktig å sjå til for ein kommune med sårbare lokalsamfunn, og med eit inntektsgrunnlag som er avhengig av at staten ikkje finn på store endringar i td kraftbeskatning. Kraftkommunen er ein råvareleverandør til storsamfunnet, og denne «varen» som straumproduksjonen representerer, skapar i neste instans store inntekter for større, sentrale kommunar som har store eigardelar i kraftselskapa.

Omlegging til det grønne skiftet for kommunar som Hjelmeland er ei utfordring på grunn av manglande infrastruktur med omsyn til komplett fiberutbygging, ladestasjonar mv. Samstundes har me eit uvanleg oppegående næringsliv som viser vilje til både å investera og å leggja om til grønare drift. Koronasituasjonen har understreka kor viktig digital infrastruktur er, og kommunestyret ønskjer å løfta planar for utbygging av slik infrastruktur inn på prioriteringslista allereie i 2020.

Kommunestyret vil at årsbudsjettet skal supplerast med eit klimabudsjett, og at det i arbeid med strategisk næringsplan skal leggjast vekt på muligheter vedr. hydrogen som drivstoff .

Statlege krav innan oppvekst og omsorg kan vera vanskelegare å handtera for små einingar – då staten sine krav ofte er absolutte og ikkje tek omsyn til lokale tilpassingar som kan vera vel så gode. Dette gjer at det med jamne mellomrom kan vera nødvendig å vurdere om dagens struktur innan oppvekst. Kommunestyret ønskjer ikkje å prioritera slik gjennomgang i inneverande periode.

Kommunereformen har for Rogaland sitt vedkomande ført til at dei to mest folkerike kommunane har forsynt seg av store delar av Ryfylke. Men: Nabosamtalar i tilknytning til kommunereform er

veldig ressurskrevjande, noko me erfarte i sist runde, og Hjelmeland ønskjer ro om dette spørsmålet no. Kommunestyret ser ikkje grunn til å prioritera slik prosess i inneverande periode.

2.2 Folkehelse

Det er utarbeidd 4-års status for folkehelse sjå link

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/planar-og-kunngjeringar/planar-og-styringsdokument/folkehelse/folkehelsekartlegging-2019/>

og utarbeidd eit utfordringsdokument som grunnlag for systematisk oppfølging dei neste åra.

Utfordringsdokumentet finn du her: <https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/planar-og-kunngjeringar/planar-og-styringsdokument/folkehelse/utfordringar-og-ressursar-2019-samandrag/>

Den største utfordringa til no er folketalsutvikling, aukande tal eldre og færre born. Kommunen har stor andel innvandrarak og norskfødde med innvandrarakgrunn, og denne andelen auka årleg i tida 2009-2017. No er andelen stabil, og auken i innvandring har stagnert. Dei nyaste tala tyder på at det er forholdsvis fleire frå denne gruppa som vel å flytta vidare frå kommunen.

Nyleg vedteken kommuneplan byggjer m.a. på utfordringsdokumentet. Ved å ha eit særleg fokus på folketalet, på tilhøva for born og unge, og på friluftsliv for alle, følgjer ein opp folkehelseutfordringane.

Koronasituasjonen:

Covid-19 er ein verdsomspennande pandemi som har stor innverknad på folkehelsa, både direkte og indirekte. I og med det pr dato ikkje er vaksine å gi, er det risiko for at mange blir sjuke, og at ein del – særleg blant dei eldst eldre – også dør. Nasjonale og internasjonale tiltak har på få veker skapt ein heilt ny arbeidskvardag for heile samfunnet. Indirekte fører pandemien til økonomiske samanbrot verda over, og sterkt aukande ledighet. Om Hjelmeland her vil kome betre eller verre ut enn andre delar av landet, er vanskeleg å veta. Fagfolk spår ulikt. Staten har presentert ulike «hjelpapakkar» for å avhjelpa utfordringane som allereie er der, og som kjem vidare.

Kommunestyret ønskjer å sjå på etterverknadar av koronakrisa i samband med utarbeiding av ein strategisk næringsplan. Det vert også lagt opp til ei gjennomgang av organiseringa innan omsorgssektoren.

2.3 Ressurstilgang i høve til forventningar

Kommunen har dei seinare år kutta i det administrative apparatet, samstundes med at behovet for og krav til utgreiing og planar ikkje avtar. Gjennom verbalpunkt i budsjettdokumenta, og gjennom andre saker, vert det bestilt mykje utgreiingsarbeid utan alt for mykje tanke for arbeidsomfang. Det er laga eit forsøk på å oppsummera dette i eiga liste, sjå vedlegg. Skal ein lukkast med planstrategien, må ein klare å prioritera.

For å unngå for mykje sprikande «bestillingslister» vil ein leggja opp til at prioriteringslista i planstrategien vert gjennomgått og vert gitt høve til justering i samband med årleg budsjettrunde.

Det må vera samanheng mellom omfang av bestilling og dei ressursene som vert stilt til rådvelde gjennom økonomiske løyvingar og prioirtering av personell/administrative reussurser.

2.4 Struktur innan skule og omsorg

For Hjelmeland er det to spørsmål som dei siste tiåra har dukka opp med ujamne mellomrom i ulike variantar; struktur innan skule og omsorg. I dag har me ein felles, noko nedslitt ungdomsskule, og tre barneskular. Og så har me to omsorgssenter. I denne perioden ønskjer kommunestyret å arbeida med fornying av ungdomsskulen utan å sjå på struktur inna oppvekst. Innafor omsorg vil ein ha ei sak i fyrste halvdel av 2021.



Hjelmeland ungdomsskule – opna i august 1973



Rulleskiløype står på ønskelista til den aktive skigruppa i Hjelmeland IL. Frå Ringfest 2019- foto Eldfinn Austigard.

2.5. Nasjonale forventningar

Kommunen vil i arbeidet med nye planar og revisjon av planar også forholde seg til Nasjonale forventningar til kommunalt planarbeid, sist vedteke i mai 2019.

Det er desse hovudpunkta:

- Å skapa eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom m.a anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle



Randøy handel vart vinnar av «Vakre inngangsparti» 2020 – eit samarbeid mellom hagelag, handel og serviceforening og kommune.


3 GJELDANDE KOMMUNEPLAN 2019-2031

Gjeldande kommuneplan er framleis ny, og har i hovudsak teke opp i seg samfunnsutviklinga og statlege forventingar. Visjon og målsettingar slik dei går fram av samfunnsdelen er i hovudtrekk samsvar med det utfordringsbildet me ser pr i dag. At hjelmelandsdelen av Ombo i slutfasen vart vedteke overført til Stavanger, gjorde at folketalet sank ned under 2600. Likevel ser ikkje kommunestyret grunn til å endra hovudmålet som er formulert slik:

Jobb og attraktivitet. Leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Å bruka kommuneplanen i dei fortløpande kommunale prioriteringane er viktig. Å arbeida med slike prosesser er ressurskrevjande, og når vedtaka er fatta, må det gis rom til å jobba med dei dei målsettingane og tiltaka som er nedfelt i planen. Det må også tydeleggjerast forventning om at dette skjer. Me er ikkje ferdige med planen når den er vedteken. Det er no me skal bruka den.

Årleg vedtak av handlingsplan/økonomiplan og budsjett, er kommuneplanen sitt handlingsprogram. Kommunestyret vil at klimabudsjett skal vera ein del av årsbudsjettet frå og med budsjettåret 2021.



Frå opning av Tytlandsvik Aqua – døme på eit offensivt og framtidsretta næringsliv.

4 PRIORITERING AV PLANARBEID

Den kommunale planstrategien femner ikkje over alt plan, prosess- og utviklingsarbeid i organisasjonen. Kor grensa skal gå her, kan vera litt vanskeleg å trekkja. Eit døme kan vera at ein årleg arbeidsplan for ein barnehage ikkje kjem inn på denne lista. Men at det skal lagast ein treårig utviklingsplan for alle barnehagane, er meir relevant å få med. Ei slik avveging kan bety at noko på lista bør ut, medan andre plan/prosessarbeid bør inn.

Det betyr også noko om kva type planarbeid ein ser for seg. Ein arealplan vil i hovudsak vera meir kostnadskrevjande enn ein verbalplan. Ein kommundelplan har meir formkrav til prosess – og vert dermed også som regel vesentleg meir ressurskrevjande enn ein temaplan.

Kommunestyret peikar på at det ofte er meir fokus på å leggja ut areal til bustad og næring, enn på å aktivisert desse areala. Dei ønskjer ein prosess rundt desse forholda i tilknytning til prosjektet «Hjelmeland Naturlegvis». Kommunestyret legg vekt på utbygging av digital infrastruktur og ynksjer ein plan på dette allereie inneverande år.

Type plan/utgreiingsarbeid	vrdering	2020-2021	2022-2023	etter 2023
KOMMUNE/DEL/ PLAN				
Kommuneplan samfunnsdel	Oppdatert (2019), godt utgangspunkt for prioriteringer i perioden		Melde oppstart av revisjon i samband med utarbeiding av planstrategi 2024-2027	
Kommuneplanen sin arealdel	Oppdatert (2019), godt utgangspunkt for prioriteringer i perioden		Melde oppstart av revisjon i samband med utarbeiding av planstrategi 2024-2027	
Kommuneplanen sin handlingsdel 4-års økonomiplan	Årleg oppdatering, bør her også oppdatera/revi dera denne lista	Årleg vedtak	Årleg vedtak	
Årsbudsjett med klimabudsjett	Årleg prosess og vedtak. Klimabudsjettet skal lista opp konkrete mål,	Årleg vedtak, fyrste gong 2020	Årleg vedtak	

	tiltak, ansvar kostnad og utsleppskutt. Klimatiltaka kan vera kvantifiserbare tiltak, ikkje kvantifiserbare tiltak eller aktivitetar som kan gje grunnlag for utsleppsreduksjon på sikt. Inntil 10% av klimafondet blir sett av til å finansiera eventuell ekstern bistand til å utarbeida klimabudsjetten			
TEMAPLAN				
Temaplan råstoffutvinning, dvs sand/grus/naturstein/andre typer råstoff	Prioritert i kommuneplanen	Melde oppstart 2020. Planprogram/KU		
Temaplan kulturarv/kulturminne	Vedteken 2017			Revisjon tidleg neste periode
Plan for idretts og friluftsliv	Vedteken 2019, årleg revisjon	Årleg revisjon	Årleg revisjon	Årleg revisjon
Sti og løypeplan	Arbeid påbegynt	Slutføring 2021		
Klima og miljøplan	Miljøstrategi vedteken 2019. Delvis integrert i gjeldande kommuneplan.	Oppstart 2021		
Ruspolitisk/Alkoholpolitisk plan	Under slutføring 2020		Revisjon 2023	
Frivilligstrategi 2017-2021	Vedteken 2017	Revisjon 2021		
Strategisk næringsplan/enkel reiselivsplan	Bestilt i budsjett 2020	Prosess og vedtak 2020		
Bustadsosial plan	Vedteken 2016		Revisjon 2022	
Langsiktig utviklingsplan for Hjelmelandsbarnehagen	Vedteken 2019 gjeld 2019 til 2022		Revisjon 2022	

Folkehelsekartlegging	Systematisk overvåking og 4årsdokument	Rapportering fleire gonger årleg	Rapportering fleire gonger årleg pluss fireårs-dokument	
Plan for psykisk helse	Gjeldande plan gjeld 2017-2020	Revisjon 2021		
Plan mot vald i nære relasjonar		Oppstart 2020		
Plan for kommunale uteområde, inkludert leikeplassar og grøntområde	Bestilt i førre planstrategi og i kommuneplanen	Oppstart 2020, slutføring 2021		
Hovudplan for vatn/avløp	Arbeid starta opp 2020			
Plan for utbygging av digital infrastruktur	Det vert laga ein plan for utbygging av digital infrastruktur for Hjelmeland kommune i 2020. Rådmann og fibergruppe får ansvar for snarleg oppstart. Utbygging skal være ferdig innan 2025.	Plan utarbeidd i 2020		
Plan for trafikktryggleik	Siste plan er frå 2015	Ny plan ferdig 2020, årleg revisjon	Årleg revisjon	Årleg revisjon
Plan for fritidstilbod born og unge	Innspel frå ungdomsrådet	Oppstart 2021		
BEREDSKAP				
Pandemiplan	Vedteken 2020	Revisjon 2021 med bakgrunn i røynsle frå koronakrisa		
Heilskapleg ROS	Vedteken 2019	Årleg revisjon	Årleg revisjon	Årleg revisjon
Beredskapsplan	Vedteken 2016	Revisjon 2020		revisjon

REGULERINGS- ARBEID OFFENTLEG REGI				
Områdeplan/detaljplan definert sentrumsområde	Prioritert i kommuneplanen, har noko midlar til å koma vidare (Vågen360)	Melde oppstart 2020 Muleg planprogram		
Detaljsreguleringsplan for område G2 i kommuneplanen (gangveg mv Sande-Solvang)			Melde oppstart 2023	
Reguleringsplan for område I14 (industriområde Svadberg)	I samarbeid med privat initiativ til reguleringsarbeid for område RS9 (råstoffområde Svadberg)	Oppstart tidleg 2021, i samarbeid med privat aktør		
STØRRE UTGREIINGSPROSE SSAR/ PROSJEKT				
Hjelmeland ungdomsskule	Prioritert i budsjett 2020	Slutføring våren 2021		
Vågen360	Prioritert i kommuneplanen	Arbeid i heile perioden, eksterne midlar. Prosjektperioden avsluttast i løpet av 2021	Over til ordinær drift, ikkje prosjekt	
Sentrumsarbeid Årdal og Fister	Prioritert i kommuneplanen	Oppstart 2021. Muleg parallellkøyring i to bygder?	Vidare arbeid	
Organisering av omsorgssektoren	Prosjekt om organisering av omsorgssektoren vart vedteke starta opp i bytjinga av 2020 med eit temamøte. På grunn av den ekstraordinære situasjonen som Covid 19-pandemien har sett oss i blir oppstart utsett til fyrste halvdel av 2021.	Fyrste halvår i 2021		
I Hjelmeland Naturlegvis	Vedteke gjennomført 20-21.	Gjennomføring pågår. Vurdera korleis dette skal følgjast opp vidare.		

		Tilrettelegging av gode bu og arbeidstilhøve er eit av dei viktigaste verkemidla for å auka folketalet, og styringsgruppa(formannskapet) vil ha eit temamøte om dette som oppstart på ein vidare prosess.		
Sertifisering som miljøfyrtårn	Vedtak 2020,	Oppstart 2021		
Årleg innbyggjarundersøking		Oppstart 2021		



Den fyrste hydrogendrivne ferja i verda vert sett i drift i Hjelmeland i 2021. Kommunestyret ber om at muligheter innan hydrogen som drivstoff vert arbeidd vidare med i samband med strategisk næringsplan.

